

Et huldresagn fra Frafjord

I Rogaland Historielags årsskrift nr. 9 – 1923 kom jeg over en artikkel som var skrevet av R. Tveteraas: "Huldresegner fraa Høgsfjord." Denne Rasmus Tveteraas (1862 – 1938) var stortingsrepresentant for partiet Venstre, bestyrer ved Sandvigen og Våland skoler og fra 1922 skoleinspektør i Stavanger. Han begynte sin lærergjerning i Høgsfjord, fra 1893 -1890. På en bytur fra Meling til Stavanger hadde han følge med Tollag Brække fra Kolabygda, en blid og godslig eldre mann.

I samtalens løp fortalte Tollag at det var mange i Høgsfjord som var i slekt med huldrefolket, og så fortalte han bl.a. om piken som ble gift med en gutt fra Eikeskog:

"Det var ein mann fraa Eikeskog i Frafjorddalen. Han var uppe i Norddalen, som ligg ovanum Molaug, og hogg ved. So kom ei ung gjenta mot honom, framifraa ven, so han aldri hadde set maken. Han forstod kva det var for slag gjenta, og han visste at um han fekk kasta staal yver henne, so vart ho fanga. Han hadde ei reim um live, og i reim han eit ljaaslag av staal – det kasta han yver gjenta so fort han kunde. Daa kom ho graatande til honom – no kunde ho aldri koma til sine eigne meir, og hadde han først gjort henne ei slik ulukka, so maatte han daa ikkje visa henne fraa seg.

Nei, det hadde han slett ikkje tenkt paa aa gjera. Ho kunde berre fylgja han heim – aldri skulde han tenkja paa aa jaga henne or heimen.

So fylgde ho heim til Eikeskog, og ikkje lang tidi etter tok dei til aa baka og bryggja, for no skulde det verta brudlaup. Det skulde vera utifraa gromt, og der kom folk fraa Espedalen og Giljadalen og Fossan og sjølvsagt mange fraa Frafjorddalen. To dagar fyrr brudlaupsdagen møtte alle til brudlaupet. Den gongen var det ikkje noko kyrkja paa Fossan, so dei laut reisa til Høle. Dei reid fraa Eikeskog til Frafjordøyri, brur og brudgom først, dei hine etter. Fraa Frafjordøyri maatte dei daa i baat til Høle.

Men so hende det noko uventa. Bruri hadde aldri fyrr vore i baat, og ho lika ikkje ferdi yver sjøen. So reiste ho seg og gjekk iland, og med eingong var ho burte, dei saag ikkje hyren av henne. Folk undrast og vilde snu heimatt. Kva skulde dei gjera paa Høle, naar dei ikkje hadde bruri med? Men brudgomen meinte, at var han so langt komen, so vilde han lenger, dei skulde berre halda fram. Dei so gjorde, men daa dei rodde utetter fjorden, tyktest dei høyra at det tona i hamrar og haugar paa Mæle og Helle og Rossavik. So mjuk og ven ein tone hadde dei ikkje hørt fyrr.

So kom dei til Høle og tok land i Apalstø som vanleg. Der maatte dei fli seg og skifta klær, og daa dei heldt paa med dette, visste dei ikkje ordet av fyrr bruri stod ved sida aat brudgomen, so blid og ven som aldri fyrr. So gav dei seg paa vegen til kyrkja, og daa dei kom til Hølemyra, tok kyrkjeklokken til aa ringja av seg sjølv. Presten tala uvanleg godt den dagen, og daa han var ferdig, sa han til brudgomen: "Du haver faaet den vakreste brud som jeg noensinne haver viet".

So gjekk alle til Apalstø att, og der vart bruri liksom litt underlagt av seg, ho stod og saag nordetter fjorden, liksom ho venta paa noko.. Brudgomen vart var dette og spurde kva som stod paa. Ho svara at ho vilde ikkje folket skulde slita so tungt paa heimvegen som dei hadde gjort utetter. So tok det til aa gula og blaasa, det auka til ein frisk nordanvind, so det vart sagta raad aa koma til Frafjord naar det laga seg so makalaust.

Bruri var med paa baaten denne gongen. Det var ein otteåring, nokon hardsiglar hadde han aldri vore, men denne dagen strauk han framum alle dei hine, og til Frafjord kom han $\frac{1}{2}$ time fyrr nokon annan.

So rusla dei upp til Eikeskog, og bruri var so glad og lett at ho tok til aa syngja.
Daa heldt spelemannen upp, han berre lydde. I 8 dagar tura dei brudlaup og sidan livde
dei two baade godt og vel i mange aar. Dei vart velhaldne folk og fekk mange born. Fraa
dei ættar mange høgsfjordbuar den dag i dag".